

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	15.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/70132-3
<b>Dykkar referanse</b>	22/3771 - 22/ 64442
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Uttale - dispensasjon - bruksendring fritidsbustad - gnr. 215 bnr. 37 - Eidsnes ytre - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til søknad om bruksendring datert 26.08.2022.

Eigedomen er uregulert og ligg i område avsett til LNFR for tiltak basert på gardens ressursgrunnlag i kommunedelplan for Lindås 2019-2031.

### Uttale

Det er søkt om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad. Alver kommune ber om ein førehandsuttale for utvida bruk av avkøyrsla til fylkesveg 5456 Eidsnesvegen.

Det vart gjort utbetringar i avkøyrsla mellom 2017 og 2019 etter ein søknad om utvida bruk kor det vart stilla krav om utbetring. Her fekk ein ikkje til svingradius på 4 meter og det vart gjeve eit nytt løyve med svingradius på 3 meter, som vart godkjent i 2019. Slik avkøyrsla ligg i dag er den ikkje dimensjonert for å tole auke i trafikk, og det er vanskeleg å gjere utbetringar utan at det vert store inngrep.

Med grunngjeving i at det vert søkt om å endre bruk av ein eksisterande fritidsbustad til bustad så kan det påreknast eit løyve til endra bruk av avkøyrsla. Utover dette løyvet kan det ikkje påreknast at det vert gjeve fleire løyver for denne avkøyrsla på grunn av dårleg utforming og sikt. I tillegg er vegen skuleveg utan tilbod for mjuke trafikantar. Søknad om endra bruk av avkøyrsla må sendast til Vestland fylkeskommune.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*